



*No livnar det i lundar, no lauvast det i li, den heile skapning stundar  
no fram til sumars tid. Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord  
og atter som eit under nytt liv av daude gror (NS nr 765))*

Nr. 2

66. årgang

Sommer 2025



**Dette er forteljinga om ein uvanleg god leiar  
og smått negative medarbeidarar.**

Markus 6:30-44

*Apostlane samla seg atter hos Jesus og fortalde han om alt dei hadde gjort, og alt dei hadde lært folket. Då sa han til dei: «Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt!» For det var så mange som kom og gjekk at dei fekk ikkje tid til å eta eingong.*

*Så drog dei ut med båten til ein aud stad for å vera for seg sjølv. Men mange såg at dei drog bort, og kjende dei att, og frå alle byane kom folk springande og nådde fram før dei. Då Jesus steig i land, fekk han sjå ei stor folkemengd. Han fekk inderleg medkjensle med dei, for dei var som sauer utan gjetar. Og han gav seg til å undervisa dei om mange ting.*

*Men då det leid langt på dag, kom læresveinane til han og sa: «Dette er ein aud stad, og dagen lid. Send folket frå deg, så dei*

kan gå bort i grendene og landsbyane her omkring og kjøpa seg noko å eta.» «De skal gje dei mat!» svara Jesus. Dei sa: «Skal vi gå og kjøpa brød for to hundre denarar, så dei kan få seg mat?» «Kor mange brød har de?» spurde han. «Gå og sjå etter!» Då dei hadde gjort det, sa dei: «Fem brød og to fiskar.» Då sa han at dei skulle la alle setja seg saman i matlag i det grøne graset. Og dei slo seg ned, rad på rad – somme på hundre og somme på femti. Så tok Jesus dei fem brøda og dei to fiskane, såg opp mot himmelen og bad takkebøna. Og han braut brødet og gav det til læresveinane, så dei skulle by rundt til folket. Dei to fiskane delte han òg ut, så alle fekk. Og alle åt og vart mette. Etterpå samla dei opp det som var att av brøda og fiskane, og det vart tolv fulle korgar. Det var fem tusen menn som hadde fått [mat].

Denne har eg høyrte før, tenker du kanskje. Det tenkte eg også. Eg har til og med skreive om denne forteljinga før her i bladet. Når eg likevel vel denne, er det for å vise at gode tekstar kan være som ein åker – dei gir og dei gir.

Kva gav teksten meg denne gongen?

I allefall dette: Det er ikkje føresetnadene som bestemmer Jesus sin suksess.

Det må vera lov å seie at Jesus er modig – han kunne jo lett ha påpeikt at dette nok ikkje kjem til å gå, at det passar dårleg, og at han dessverre har for få ressurser – to fiskar og fem brød

er ikkje ein mengde til så mange svoltne.

Jesus vel ein annan innfallsvinkel til situasjonen, og ser ut til å ha ein særleg evne til å sjå heilheten, alle, og å bruke mulighetene.

Han ser dei som treng oppmerksomhet, folk som hadde gått langt uten mat, og er samstundes tålmodig med medarbeidarane sine som både overdriv, klagar og tvilar på opplegget. Desse gir han konkrete, passelig store oppgaver: «Set folk i matlag», «Gå å sjå kva me har»

Og så suksessfaktoren: Jesus har ein tillit til Gud som eg berre kan beundre.

Utan vidare samanlikning: men eg kunne ikkje klart å ikkje stresse under slike forhold. Men! Eg kunne nok klart å gjennomføre det eg fekk beskjed om. «Del ut maten» «Samle restene» slike ting skulle eg nok fått til.

Underet er heldigvis ikkje i verken dine eller mine hender. Det er Gud sin del av oppgåva. Min og din del er å stille for laget.

Ingebjørg Vik Laugaland  
Sokneprest i Vang

#### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord  
kristin@bakkelajord.no  
Kontonr: 2146.60.18764  
Vipps 590297

#### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevevje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen  
solbjorg\_kvalshaugen@icloud.com  
Kontonr: 2146.30.09721  
Vipps 129651

#### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkryset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Eirik Øye  
Kontonr: 2146.60.04674  
Vipps 907266

#### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongstien  
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi  
Soknerådsleiar: Marianne Riste  
marianneriste@hotmail.com  
Kontonr: 2146.30.09969  
Vipps 544817

#### ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Eirik Øye  
Kyrkjevevje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale  
aud.kvale@gmail.com  
Kontonr. Øye kyrkje: 2146.40.24368  
Vipps 118656

Kontonr. Øye stavkyrkje: 2146.56.25233

#### TILSETTE:

Sokneprest:  
Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf: 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Presten har kontor på Drengestøga.  
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret  
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,  
Tlf. 902 42 171  
e-post: sh466@kirken.no

Kontormedarbeidar: Silje Marie Olimb  
Mob. 95494401  
Mail: so558@kirken.no  
Kontortid: 09.00-15.00

Kyrkjelydspedagog Anne Mette Thoresen  
Tlf: 467 53 905  
e-post: at343@kirken.no

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:  
Nils Bjarne Wangensteen  
Felles e-post:  
post.vangivaldres@kirken.no

Organist i alle kyrkjer: Stilling vakant

Redaksjonen vart avslutta 31. mai. Neste menighetsblad utkjem veke 42, frist for innsending av tekst og bilete er 19. september 2025. Bidrag sendast på epost til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com). Framsidebilete: Oddvin Almending. Årets konfirmantar. Navn står på baksida av bladet.

Dette har vore ein spesielt tidleg og herleg vår, og me laut tidleg i gang med sommarvedlikehald av kyrkjegardane. Me prøver og å få nytta sesongen så godt som mogleg i forbindelse med dei ulike pågåande vedlikehaldsjobbane rundt om på kyrkjebygga.

Kyrkja i Vang vart invitert til å halde ei orientering på kommunestyremøtet i mai. Dette var ei fin moglegheit til å forklare litt om kva arbeidsoppgåver og

ansvarsområde me famnar om i kvardagen. Orienteringa i grovt kan de og sjå på annan stad i bladet.

Me ser at telen har herja mykje med kyrkjegardane og gravminnar denne vinteren, og me ynskjer å minne om følgande: Det er den enkelte festar som er ansvarleg for gravplassen. Og dersom ein ikkje ynskjer eller har høve til å gjere opprettingsarbeidet sjølv, lyt dette eventuelt bestillast som ei teneste hjå



kyrkjekontoret. Oppretting kostar p.t. kr 1000.- då det ofte lyt gjerast tyngre og tidkrevjande arbeid med sjølv fundamentet.

Med ynskje om ein fantastisk sommar  
– frå Silje

## Min pinsesalme

### No livnar det i lundar

For meg så er den spesiell fordi den he-drer våren og lyset, og alt liv som vokser frem av både mennesker og natur. Den betyr også mye i forhold til hva som har skjedd av sorg og savn i vinterhalvåret, men også muligheten til enklere å kunne gå på kirkegården for å pynte og snakke med dem som er savnet og elsket, samt å be i Jesu navn ved graven. Salmen gir meg sjelefred.

Anne Mette Thoresen,  
kyrkjelydspedagog



No livnar det i lundar,  
no lauvast det i li,  
den heile skapning stundar  
no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord  
og atter som eit under  
nytt liv av daude gror.

Guds kyrkje lysa skulle  
som høgt på berg ein stad,  
med sumar utan kulde  
og utan solarglad

Guds ord vel alltid lyser,  
den sol gjeng aldri ned.  
Det hus som Anden hyser,  
ligg støtt i ljøs og fred.

Men stundom kom det kulde  
på Herrens kyrkjemark.  
Det var som Gud seg dulde,  
og borte var Guds ark.

Det var dei mørke dagar,  
Guds ord var fâhøyrd segn.  
Og hjarta frys og klagar,  
det saknar sol og regn.

Så sende Gud sin Ande  
som dogg på turre jord.  
Då vakna liv i lande,  
då grøddest vent Guds ord.

Då er det sæle tider  
for Kristi kyrkjegrunn.  
Då lauvast det i lier,  
då livnar det i lund.

Då ljøsar det i landet  
frå fjell og ned til fjord.  
Då losnar tungebandet,  
då kved Guds folk i kor.

Då skin det over strender  
som sol ein sumarkveld.  
Då gløder kring i grender  
ein heilag altareld.

Du vår med ljose dagar,  
med lengting, liv og song,  
du spår at Gud oss lagar  
ein betre vår ein gong,

då me med vigsla tunge,  
med kjærleik heil og klår,  
alt utan brest og sprunge  
skal lova Herren vår!

Tekst: Elias Blix.  
Melodi: Ludvig M. Lindeman

## Årets 17. mai-tale

### Kjære innbyggjar, kjære barn, familiar og besøkande i Vang.

I dag, på denne strålende 17. mai, samlas me her for å feire vår nasjonaldag. Dette er dagen då vår fridom, våre verdiar og vår fellesskapskjensle feirast. Det er ein dag fylt med glede, barneleik og korpsmusikk – og ikkje minst: ein dag der me i saman kan reflektere over kva det vil seia å feire den norske nasjonaldagen.

17. mai 1814 er ein dato me feirar med stoltheit. Grunnlova som vart signert på Eidsvoll, markerer ikkje berre fødselen til vår nasjon, men òg den frie tankens seier. *Den frie ytring, demokrati og menneskeverd er nådd gjennom århundrer med kamp, motstand og ei urokkeleg tru på det gode fellesskap, vår nasjon.*

Den 8. mai i år var det òg 80 år sidan fredsvåren i 1945 – me har hatt 80 år med samanhengande fred. Og sidan Berlinmurens fall i 1989 har Europa hatt ein periode der fleire frie demokrati vaks fram og verda kjentes trygg, krigen var langt borte frå oss. Det er grunn til, på ein dag som denne, å vera takksam. I dag heidrast ikkje berre våre forfedre og formødre, men òg dei verdiane dei sette i system – verdiar mange har kjempa for, og framleis kjempar for.

I Vang kommune er me heldige. Me bur i eit samfunn prega av engasjement og fellesskap, samhald og omsorg. Unge og gamle, født her eller flytt hit – me høyrer saman. Våre barn er framtida, dei er vår største arv, og i dag feirar me dei spesielt. Eg ser kor stolte dei er i feststasen sin og kor dei lyser opp dagen med sin latter og si glede. Me feirar nasjonaldagen med barnetog, korpsmusikk og norske flagg, ikkje militærparade.

17. mai handlar òg om å reflektere over det som er utfordrande i vår tid. I ei verd prega av raske endringar og utfordrande statsleiarar er det viktigare enn nokon gong at me står samla, med ubøyeleg støtte for kvarandre. Me må aldri gløyme betydninga av å være opne, inkluderande og rause mot alle som deler denne verda med oss – uansett bakgrunn, tru eller kultur. Det er i mangfaldet vår styrke ligg. Me må føre vidare arven og verdiane frå dei som kjempa for landet før oss.

Arnulf Øverland sa det slik:

*Du må ikke sitte trygt i ditt hjem og si:*

*Det er sørgelig, stakkars dem!*

*Du må ikke tåle så inderlig vel*

*den urett som ikke rammer deg selv!*

*Jeg roper med siste pust av min stemme:*

*Du har ikke lov til å gå der og glemme!*

Når utanforskap veks og mistrua veks, då svekkast demokratiet. Eleanor Roosevelt, gift med Franklin D. Roosevelt, ho leia FN's arbeid med verdserklæringa om menneskerettane. Ho sa:

*It isn't enough to talk about Peace.*

*One must believe in it.*

*And it isn't enough to believe in Peace.*

*One must work on it.*



Vi må kvar dag stå opp for møteplassar, inkludering, toleranse og demokrati. Som ordførar er eg takksam for den innsatsen mange av dykk legg ned for nettopp fellesskapet. Enten det er gjennom friviljug arbeid, deltaking i lokale lag og foreiningar, eller tilrettelegging av gode oppvekstvilkår for våre unge:

– de er grunnmuren i vårt samfunn,

– de strekkjer ut ei hand mot andre og gjer Vang til ein rikare plass å leva.

Når me i dag feirar med raude, blå og kvite sløyfer, bunadar, musikk og festmat, så hugs at den verkelege styrka i vår nasjon kjem frå vårt fellesskap. La oss halde fram med å stå saman, også i utfordrande tider, og fremme det som sameiner oss – kjærleiken til land vårt, lokalsamfunnet vårt og våre medmenneske. Det er det sterkaste forsvar noko land kan ha. Gratulerer med dagen!

Jørød Ødegård Lunde  
Ordførar



## Hilsen fra Mottaket

Vang mottakssenter feirer og markerer 17. mai hvert år. Vi har ikke noe eget arrangement, men vi er aktivt med i feiringen i Vang.

Våre beboere er med å bake kaker til arrangementet i Vangshallen hvert år; i år var det 10 kaker vi leverte. Alle beboere får inngangsbillett til arrangementet, og barna får billett på brus, pølse og is. På denne måten er vi med på å støtte arrangøren. Vi deler ut norske flagg til både voksne og barn, dette er veldig populært blant våre beboere.

Tilbakemeldingen fra våre beboere er: «Tenk å ha en parade uten våpen, bare flagg», dette sier vel det meste om hvor fredfull og fin vår feiring av nasjonal-

dagen er.

Mange mottak har stor feiring av Id, men det har vi ikke i Vang. Beboerne markerer dette selv, der vi gir støtte til maten. Vi har fokus på hva som er nordmenns feiring, det er jul, påske og 17. mai. Alle disse begivenheter legger vi mye arbeid i å gjennomføre med våre beboere. Dette gjør vi på den måten vi er opplært til å feire disse begivenhetene.

Etter en strålende 17. mai-feiring i Vang, der både vær og temperatur spilte på lag med oss, ser vi nå frem til sommerferien. Vi vil prøve å lage mest mulig aktivitet i nærområdet, der våre beboere lærer å nytte naturen rett utenfor stuevinduet. Vi gleder oss til dette.

På vegne av alle ansatte og beboerne ved Vang mottaks-senter, ønsker vi dere alle



en riktig god og innholdsrik sommer.

Henrik Rønningen  
Mottaksleder



### Høre Stavkirke



åpen / open / geöffnet  
22.06. – 13.08.2025  
11:00 – 17:00


søndag - onsdag  
sunday - wednesday  
Sonntag - Mittwoch

### Øye Stavkirke



åpen / geöffnet / open  
19.06. – 17.08.2025  
11:00 – 17:00

torsdag - søndag  
Donnerstag - Sonntag  
Thursday - Sunday



Gudrun Niemeyer har vært omviser i Øye stavkirke i en årrekke.

## Våren på Dagsentra

Etter ein vinter med lite snø og mykje glatte, kom våren tidleg og etterlengta. Påska var sein i år og lite snø var det att på fjella.

På dagsentra byrja me å forberede våren tidleg. I første delen av april hadde dagsenter Vangsheimen ein dag der dei laga påskeegg av ballonger, dopapir og vatn. Dei som ville fekk stelt hendene, smørt dei inn med ein god krem og tatt manikyr på neglene.

Ein fin konsert med Synvis og Skattebu har me og hatt. Dei er alltid populære; med deira unike stil, fine klang i stemma og med vakre toner frå fleire typer instrument, skapar dei alltid den gode stemninga som gleder dei mange som møter opp.

Første påskedag var det andakt med nattverd. Prest, klokker og organist kom og skapte ei fin og høgtidleg markering av påska. Dei mange som var tilstades, fekk servert nydeleg Waleskringle med kaffi etterpå, og det vart ei triveleg stund med god prat rundt borda. Det vart og stelt i stand ein koseleg påskelunsj på dagsenter Solgløtt, med mykje god mat og hyggeleg samvær, dette er blitt ein tradisjon.

Dagsenter Vangsheimen har sist vinter vore så heldige å ha ein språkelev frå Syria hjå seg; han har vore ein god ressurs som alle har satt stor pris på. Denne veka har dei hatt besøk av to flinke elevar frå 9. klasse ved VBU på Pryo-veke (arbeidsveke).

Dagsenter Solgløtt har og hatt ein ungdom frå VBU hjå seg nyleg, som spilte ludo og yatzy med dei som var tilstades, dette skapte stort engasjement hjå deltarane og konkurranseinstinktet var på topp. Dagen vart avslutta med flott framføring av musikkstykkje på piano, av den talentfulle ungdomen me har hatt på besøk.

God prat mellom generasjonane om tida før og no blir det når unge og eldre møtest. Disse unge me har vore så heldige å ha hatt hjå oss, viser viktigheita



av desse møta. I denne veka er me så heldige å få nytt treff med babysong. Det har blitt sådd frø inne som vil bli planta ut etterkvart, slik at fine blomar kan pynte opp uteområdet. Det er fleire av dei som er med og sår, som synes det er ein fin aktivitet. Det bringer fram

gode minner, og me får fleire gode tips om korleis me skal stelle med og få fram dei finaste sommerblomane.

Me ynskjer alle ein god sommar!

Hilsen  
Mimoza, Gerd, Anny og Anne

## Di helse – di framtid

Innbyggjarmøtene om velferdsteknologi 28. april vart godt motteke av vangsgjeldingane, og 66 personar møtte opp. Arbeidsgruppa Levande Lokalsamfunn hadde mykje på agendaen denne dagen og sit att med mange gode tilbagemeldingar frå dei som kom. Bodsskapet i alle innlegga var at folk skal få hjelp og kjenne seg trygge i heimen sin så lenge som mogleg, eller i omsorgsbustad og på Vangsheimen. Kommunen gjer også grep for å halde tritt med den digitale utviklinga, slik at ting blir tryggare og enklare både for innbyggjarane og dei som skal arbeide med dette.

### Velferdsteknologi

Sjukepleiarane Elina Nesse og Svein Ove Blystad frå kommunen var innom ulike typar dosettar (som elektronisk medisindispenser og multidose), tryggleiksalarmar (rundt hals eller handledd), Jodapro (stemmestyrte hovudkamera), digital heimeoppfølging (som måling av blodtrykk, blod-sukker, temperatur og oksygenmetning), og Komp (skjerm som familie og vener kan sende bilder og ha videosamtale på). Noko er gratis, noko kan du kjøpe sjølv. Dei forklarte også om Room-mate, sensorsystemet på Vangsheimen som bl.a. gir pasientar meir trygghet og bedre nattesøvn fordi nattevaktene ikkje treng inn på romma for sjekk.

### Brannforebygging og smarte hus

Valdres brann- og redningsteneste ved Ringen og Fremgaard spurde: har de det trygt heime? Når sjekka du brannsløkkingsapparatet sist? Kvar ladar de telefonen? Det vart vist fram bl.a. komfyrvakter og brannteppe. Det var mange spørsmål og eigenopplevingar frå dei framførte, som fikk med seg mange gode tips og råd.

Oddvin Almenning frå IKT Valdres fortalte om smarte løysingar for å få smarte hus. Alt frå robotstøvsugar til styring av lys, varme, bevegelsessensorar, stikkontaktar med smartfunksjonar osv. Dette er ein verden med uendelege mogelegheiter,



og Oddvin oppfordra folket til å nytte barn, barnebarn og kanskje høyre med den lokale elektrikaren? Start i det små med enkle grep og lær litt om senn, var rådet hans.

### Ergoterapi og Levande lokalsamfunn

Ergoterapeut i Vang kommune, Hanne Kjersti Berge, tok oss med i ordningane for tilrettelegging i heimen. Lause og faste hjelpemiddel, kva ein kan få dekkja gjennom tilskotsordningar og kva ein må koste sjølv. Du kan ta kontakt med kommunen om du ønskjer eit heimebesøk eller meir info.

Rådgjevar helse- og omsorg, Joanke Tito, avrunda møtet med informasjon om arbeidsgruppa Levande Lokalsamfunn og ting som er kome til siste året, som t.d. Sterk og stødig, Møteplassen, besøksven- ordning med Røde Kors, og digi-kafé. Alle desse tilboda er tilgjengeleg for alle innbyggjarar som er interessert.

### Har du spørsmål, kontakt:

- Elina Nesse, Sjukepleiar og velferdsteknologi-ansvarleg: 41 84 78 83
- Hanne Kjersti Berge, Ergoterapeut: 99 09 88 17
- Joanke Tito, Rådgjevar helse- og omsorg, og leiar for Levande Lokalsamfunn: 95 40 42 79
- Valdres brann – og redningsteneste: Vakttelefon: 905 11 955, [post@valdresbrannvesen.no](mailto:post@valdresbrannvesen.no)

Vang kommune

## Eldredagen blir til Eldreveke

2025 er Friluftslivets år. Difor arrangerer Vang Eldreråd og Pensjonistlaget i Vang ei «eldreveke» i september i staden for den tradisjonelle Eldredagen; med aktivitetar både ute og inne.

Vi begynner måndag 15. september med uteaktivitetar ved Vangsheimen. Inne får du servert kaffi og vaflar, og Nils Rogn vil vise bilete og halde foredrag om utvandringa til Amerika.

Tysdag 16. september vert det guida tur rundt i Ryfoss, eller litt lengre til Utsikten. Etterpå held Odd Leite foredrag om Ryfoss, og vi får noko å bite ti hjå Saras mat.

Torsdag 18. september tek vi fjelltur oppe på Filefjell. Vi startar på parkeringa til skiheisen, og Ragnar Eltun fører oss innover mot Gamlestøga. Etter turen vert det suppe inne på Tyinkrysset Fjellstøge, og Ragnar Eltun vil halde foredrag om gamle ferdselsårar mellom aust og vest.

Vi håpar mange vil følgje oss desse tre dagene. Du kan delta ein dag, to dagar eller gjerne alle tre dagene. Det kjem meir om programmet i slutten av august.

Frå Vang eldreråd ved leiar Berit Nefstad

## Kyrkja i kommunestyret

Kyrkja i Vang vart invitert til kommune- styret for å presentere kyrkja sitt arbeid i bygda, og me takka sjølvsagt ja!

Me var tre som fekk invitasjonen og som delte oppdraget mellom oss. Fellesråds- leiar Kristin Bakke Lajord, sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland og kyrkjeverje Silje Hammerstad.

### Orientering frå fellesrådsleiar:

Kristin opna med å gjere greie for saman- setninga av Kyrkjeleg Fellesråd. Rådet er sett saman av to representantar frå kvar av dei fire sokna, Øye, Vang, Heensåsen og Høre, samt kommunal representant og geistleg medlem, som er soknepresten. Vidare peikte ho på lovgrunnlaget som utløyser midler til drift av kyrkja.

Kyrkja i Vang har to arbeidsgjevarar, den eine der presten, prosten og biskopen høyrer til, og den andre der dei andre kyrkjeleg tilsette høyrer til. Desse har fel- lesrådet med sin leiar det øverste ansvaret for.

«Men me jobbar for det same», presiserer Kristin! Kyrkjene våre er viktige kultur- skattar som me ønsker å halde vedlike. Så er det minst like viktig å fylle kyrkjene med aktivitet som reflekterer både kyrkja sin identitet og tida me lever i.

### Orientering frå soknepresten:

Ingebjørg sin del av presentasjonen hand- lar om *samfunnsoppdraget* og kyrkja sitt bidrag i dette.

Kyrkja har vore ein aktiv part i å bygge samfunnet gjennom generasjonar. Eit konkret eksempel er innføring av konfir- masjon i 1736 som i stor grad handla om å lære å lese. «Gå å lese» «Gå for presten». Praktisk betydde dette at bøndene sørga for hus – ved å bygge kyrkjer – i Vang var dei særsvirvige! Staten sørga for prest, alt- så ein person med akademisk utdanning som også kunne lære ungdommen å lese. Å bli konfirmert betydde mellom anna å få jobb og å kunne gifte seg. Samfunns- oppdraget til kyrkja den gongen var å bidra til å auke kompetansen på å lese.

*I dag er kyrkja sitt oppdrag tett knytt til å motvirke utenforskap.* Konfirmasjonen i dag er eit døme. Den er for alle. Dei som

ikkje er konfirmantar i kyrkja, kjem gjer- ne innom på samlingar i Drengestøga, el- ler er med på turar, og er alltid velkomne.

Om ein er katolsk, ortodoks, eller ikkje døypt, så er det plass i kyrkja. No døyper me ungdommar omtrent kvart år, dersom dei ønsker å konfirmere seg i kyrkja, men ikkje er døypte ennå. Babysong, Tårn- agent, Lys Vaken, dåpsskule og førjuls- morro med kveldsmat er døme på andre tiltak Kyrkja i Vang driv som motvirkar utenforskap.

**Samfunnsoppdraget handlar også om beredskap.** Presten blir ofte kalla ut når døden er involvert. Me har eit tett samar- beid med politiet om dette. Reint praktisk deler prestane i Valdres vekene mellom seg slik at det alltid er ein prest tilgjenge- leg heile døgnet, heile året.

Presten er også del av psykososialt krise- team i kommunen, og bidrar på inn i laget med vår kompetanse på sorg og krise.

### I dag er det lovfesta at me er eit livssyns- ope samfunn.

Det betyr ikkje at livssyn og religion ikkje eksisterer, men at me som samfunn er opne for livssyn. Der tilpassar kyrkja seg tider som kjem og går. I dei siste 20-30 åra har me sett ei bølge av sekularisering, men nå viser fleire interesse for åndelege verdiar; ikkje i form av læresetningar, men av praksisar.

Eg håpar og trur at når me – dette går vel litt på omgang – treng tid, fellesskap, oppmerksomhet, samtale eller stillhet, så er kyrkja open og nær. Både som hus og som fellesskap. Dette er på saklista til alle fire sokneråda våre og blir diskutert.

### Kva treng Vang av kyrkja no?

Kyrkjekaffi, tur, bingo med skjenkeløyve, gudstenester, konsertar, opne kyrker?

Eg erfarer som prest i Vang at både flykt- ningar og mange andre søker eit sakralt rom, kunst, arkitektur, fred, varme, tid. Dette er verdiar som ikkje går av moten. Konkret betyr dette at me ikkje berre låser opp kyrkjedøra, men har eit menneske i nærheten når kyrkja er open. Dette hand- lar både om forsikring og diakoni. Dette kan være eit tiltak som styrker og nærer både den eine og den andre. Biskopen øn- sker satsing her.

Med ujamne mellomrom får eg høyre at kyrkja er utelukkande åndeleg, og kun en-

gasjerer nokre få og spesielt interesserte. «Det går så få på gudsteneste».

Statistikken for 2024 kom 17. mars: og ja, kyrkja i Vang hadde 1 utmelding i 2024. Medlemstal er likevel på 69,4 % i Vang og på landsplan 61,7 %.

På landsplan har kyrkja 77 000 frivillige og 3,4 mill medlemmer.

Medlemmer eller ei, **Kyrkja i Vang har ressurser som me bruker på alle**, uavhen- gig av medlemskap, religiøs bakgrunn, nasjonalitet eller dåp.

Me seier ikkje velkommen til oss – for det er ikkje oss og dåkke – dei og me – me seier **vel møtt** til messe, morgonsong eller gravferd – fordi me er ein gjeng. Ei bygd. Me møtest med ujamne mellomrom, men over tid er me likevel eit fellesskap, som til dømes i gravferd, der «me er samla for å ta avskil med – ein av våre.»

Ingebjørg Vik Laugaland

### Orientering frå dagleg leiar i Kyrkjeleg Fellesråd

Silje Hammerstad har vore kyrkjeverje i Vang i litt over 1,5 år. Fyrst og fremst som dagleg leiar med personalansvaret for dei tilsette. Me har 16 stillingar for- delt på 13 tilsette, der me alle er under- lagt fellesrådet. Dette er både små og store stillingar, frå dei på 6 % til dei på 100 %, der enkelte roller er direkte knytt opp mot dei kyrkjelege handlingane, og andre roller har med den daglege drifta og rammeverket å gjere.

I tillegg har me ein del innleigde i løpet av året, særleg i forbindelse med sesong- arbeid.

### Gravplassforvaltninga

Eit av ansvarsområdene våre som krevjer mykje tid, og som det jobbes kontinuerlig med gjennom året, er det som har med gravplassforvaltninga å gjere.

Me er lokal gravplassmyndigheit på vegne av kommuna. Dette er livssynsnøytralt, og me har eit omfattande lovverk å forhalde oss til, deriblant Gravplassloven. Enkelte kommuner velger å drifte dette fagom- rådet sjølve, men dei aller fleste velger å legge dette til det lokale fellesrådet.

**Parallelt skjer og gravferdskoordinerings gjennom året.** Og på begge desse områda skal me sikre verdigheit ifrå A til Å, og ha gode rutiner for å ivareta dei etterlatte på ein best mogleg måte.

I Vang har me 15-25 gravferder per år, i tillegg fleire og fleire urnenedsettelse. Men uavhengig av antall gravferder i lø-

pet av året, er det mykje som skal følgast opp og mange justeringer i forbindelse med festeregistera i løpet av året. Og me administrerer festeregister tilknytta dei fire gravplassene våre her i Vang.

- Me har med drift av namna minnelund å gjere, og arbeidet med ny-etableringar der dette eventuelt skal på plass i framtida. Per no har me ferdige namna minnelundar som er take i bruk i Høre og Øye.

- Det blir gjort mykje arbeid i kulissene, og på vinterstid er det og mykje ekstra som lyt følgjast opp, deriblant brøyting og tining. Tineapparatet må ligge på gravplassen i helst 8-10 døgn i forkant av gravearbeidet, så dette betyr at tilvising av gravplass må skje fort, for å rekke dette fram mot gravferda.

- Eit behov som særleg melder seg etter ein brutal vinter med herjande tele på kyrkjegardane: Sjølv om ein fester er ansvarleg for eigen gravplass, går det og an å kjøpe teneste via kyrkjekontoret for å få retta opp att skeive gravminner, for dei som ikkje ynskjer eller har høve til å gjere dette sjølve.

- Me administrerer ei plante- og stell-avtale, ei teneste som betyr mykje for dei som nyttar seg av den, og særleg dei som ikkje har moglegheit til å stille eigne gravplasser. Her kjøper me teneste lokalt av Lund arbeidsbase, som sørger for planter og utplanting, noko me er veldig fornøygde med.

- Me sørger for at kyrkjegardane ser presentable ut i sommarsesongen: plen og kantklipp, ei teneste som har vist seg å bety mykje for mange.

### Kirkebyggforvalterrolla

I Vang har me 6 kyrkjebygg, derav to freda stavkyrkjer og fire såkalla listeførte kyrkjer. Listeført vil seie at Riksantikvaren anser desse som historisk verdifulle, og dei innehar mange av dei same krava til søknader, godkjenningar og dokumentasjon i forbindelse med det arbeidet som skal gjerast. Og avhengig av type arbeid som skal gjerast har me og mange ulike tyngre instanser å forhalde oss til, deriblant biskop/bispedømmekontor, Riksantikvaren, Statsforvalteren, Fortidsminneforeninga, fylkeskommuna, kommuna.

Me har ei mengde arbeid knytta til befaringar, tilbod og anbudsprosessar, kon-

traktar, og ikkje minst dialog og koordinering med ulike aktørar og handverkarar undervegs gjennom året. Oppdraget går ut på å vedlikehalde og sikre kommunas kulturhistoriske skatter. Me har og tilsynshaverrolla på tekniske rom i forbindelse med dei etablerte slukkeanlegga, og følger opp brannsikring generelt.

Ein del andre land har slott og borger. Det har me ikkje her i Norge, men me har kyrkjene våre. Og gjennom tidene har desse vore viktige landemerker. Og uavhengig av antall gudstenester gjennom året, er dette ein viktig del av kulturarven vår – som bør takast vare på for ettertida. Me forvaltar kulturarven på vegne av oss alle.

Me administrer alt som har med omvisertenesten på dei to stavkyrkjene våre å gjere, så me får delt kyrkjene med besøkande frå både fjern og nær. Antall besøkande som nytta seg av omvisning i stavkyrkjene, sommaren 2024: Øye stavkirke: 657, Høre stavkyrkje: 825.

### Økonomi

*Me lyt sikre god økonomistyring og budsjettkontroll gjennom året.*

Me har nyleg fått midlar frå Kyrkjebevaringsfondet til eit overordna forprosjekt på Øye kyrkje. Dette er eit fullfinansiert forprosjekt som skal bunne ut i ein detaljert tilstandsrapport. Både på det reint byggtkniske, men og på det som har med interiør og kyrkjekunst å gjere, for å identifisere eventuelle behov for konservering. Denne rapporten vil hjelpe oss i å starte i riktig rekkefølge når me skal i gang med sjølve tiltaka på kyrkjebygget. Og ved utføring av eit godkjent hovudprosjekt/sjølve tiltaka, vil det være ei fordeling av kostnadane på 50/50 mellom kyrkjebevaringsprogrammet og kommuna.

Me har og fått tilsagn på midlar frå Riksantikvaren i forbindelse med anna sikringsarbeid ved nokon av dei listeførte kyrkjene. Så det er viktig for oss å prøve å få inn midlar utanifrå, og ikkje kun ifrå rammetilskotet frå kommuna.

Me har og ei tenesteytingsavtale med kommuna, der dei kan yte tenester på enkelte områder i staden for å yte tilskot. Her har me blant anna ei uvurderleg teneste når det angår lønn og rekneskap, og det er utruleg godt å kunne ha den tette dialogen undervegs gjennom året, etter behov.

Me har og ein del støtte frå teknisk og ute-etaten når det gjeld ulike transportmidlar og maskiner til gravearbeidet, i tillegg til tilgang på backup-graver i forbindelse med sjukdom og ferieavvikling.

Avtalen er fortsatt under reforhandling frå tidligere i vår, der det blant anna vil skje endringer vedrørende kontorlokaler i tida framover.

### Dagleg drift

I tillegg til punktene som allereie er nevnt, kjem den daglege drifta: Deriblant håndtere og besvare henvendingar ifrå publikum, annonsering i mange ulike fora, arkivering og post, nettside-oppdatering, menighetsblad, ulike type fagsystemer som skal haldast oppdaterte, bestillingar m.m. I tillegg til eventuelle pågående tilsettingsprosesser:

- Både plikt og behov for å bidra og delta inn i ulike fagfora – tilknytta gravplass- og kyrkjebyggforvaltninga
- Kurs og kompetansebygging
- Samarbeid og nettverk på tvers av kommunegrensar, her har kyrkjeverjene faste møtepunkt, der me deriblant sparrer løysinger, då me opplever mange av dei same utfordringene.

***Uansett kor mykje ein bruker kyrkja i det daglege eller ei – er det ei klar forventning om at kyrkja er der og at ting fungerer når innbyggerane treng oss; uansett om dette er i forbindelse med krise og sorg – eller glede og høgtid.***

Dette er utan tvil både svært variert og ikkje minst meningsfullt arbeid, men som absolutt krevjer dei ressursane som det no heldigvis er lagt opp til.

I forbindelse med budsjettprosessen for inneværende år, fekk me før jul heldigvis det me ba om. Dette gjorde oss robuste nok til å kunne lyse ut ei kontormedarbeiderstilling, der me no har vore svært heldige og fått tilsetning på vårparten. Dette er rett og slett ei forutsetning for å kunne drifte kyrkjekontoret på ein forsvarleg og bærekraftig måte i framtida. Så dette sett me veldig stor pris på.

Silje Hammerstad  
dagleg leiar i Kyrkjeleg Felle råd



## Dugnad ved Heensåsen kyrkje

Tysdag den 13. mai var det kalla inn til dugnad ved Heensåsen kyrkje for å stusse og rake både på kyrkjegarden og på plassen rundt kyrkja. Rundt 30 ivrige og arbeidsviljuge folk frå grenda møtte til dugnad klokka 18.00. Det var i år som i fjor strålende vårvêr, men ein sur vind gjorde at anorakkane var gode å ha, og det var langt frå T-skjortevêr. Med raker, kantklypparar, hagesakser og tyngre reiskap som traktorar gjekk arbeidet radig unna. Etter berre 45 minutt var både kyrkjegarden og plassen ved kyrkja ferdig raka og stelt. Nils Harald Heen hadde rydda og klypt mykje buskas nokre dagar før, og det er no vorte mykje lysare og meir ope ved kyrkja.

Ein etterlengta benk på kyrkjegarden var og komen på plass. Det er Romslo som har laga den solide og vakre benken.

Etter at arbeidet var ferdig kunne dugnadsgjengen benke seg rundt flaggstonnga utanfor kyrkja. Soknerådet hadde ordna med kringle, kokoskake, kaffi/te og saft – og no vart det tid til sjølvaste høgdepunktet: ein god prat før den sure

vinden sendte dugnadsfolket heimover og kvar til sitt.

Nok ein vellukka og godt besøkt dugnad ved Heensåsen kyrkje var over.

Solbjørg Kvålshaugen  
leiar i Heensåsen sokneråd



## Høre sokneråd informerer

### Dugnad på kyrkjegarden

Tysdag 13. mai var ein god gjeng på ca 20 personar samla for å ta vårdugnaden. Dei raka og rydda opp slik at det såg fint ut til 17. mai og etterkvart konfirmasjon. Kvelden vart avslutta med kanelboller og kaffe servert av soknerådet. Tusen takk for innsatsen til alle som møtte opp!

### Stølsmesse

10. august er vi invitert til Camilla og Jon Hålien på stølsmesse, det gler vi oss til.

### Hausten

14. september er de velkomne til konfirmantpresentasjon. Dei bingo-interes-



serte kan notere seg fredag 17. oktober, då blir det haustbingo på samfunns- huset i Høre. Vi annonserer på facebook og med plakatar rundt om i kommunen når tida nærmar seg. Som før ønsker vi å ha minst 25 påmeldte seinast måndagen før, for å gjennomføre bingoen. Alle over 18 år er velkomne på bingo.

19. oktober blir det tidleg gudsteneste,

allereie kl. 16, og grunnen er at 6-åringane er spesielt invitert.

Sommaren med forhåpentlegvis varme, fine dagar er snart her, og vi ønskjer både tilreisande og fastbuande velkomne innom stavkyrkja. God sommar!

Marianne Riste,  
leiar i Høre sokneråd

## Ny strategi – so what?

Hamar bispedømme har utarbeidd ein ny strategi som har blitt til gjennom ein grundig prosess der folkevalde og tilsette har bidrege. Vi har stor tru på at strategien vil vere i stand til å utvikle kyrkja som ei rørsle for håp og samfunnskraft i åra framover.

11. desember 2024 vedtok Hamar bispedømmeråd ein ny strategi for perioden 2025–2029. Strategien vil vere styrande for dei val og prioriteringar som bispedømmerådet vil gjere dei neste fire åra, og er i tråd med visjonen og strategien til Den norske kyrkje om «Meir himmel på jord».

Strategien er delt inn i overskriftene «Kyrkja for den enkelte», «Kyrkja i samfunnet» og «Kyrkja som organisasjon». Alle desse tre områda har kvar sine tre delmål, med tilhøyrande prioriterte områder. Bispedømmerådet vil mellom anna prioritere arbeid med gudstenesteliv, barn- og unge, korarbeid, beredskap, urfolk og minoritetar, leiing og det å vere ein attraktiv arbeidsplass.

Dei vala som er gjort er basert på kunnskap om korleis situasjonen er akkurat nå. Det er også sett til framskrivingar om korleis framtida kan bli. Samtidig



Soknerådsleiarar frå heile bispedømmet bidrog også til strategiarbeidet. Foto: Hamar bispedømmeråd

er strategien grundig forankra i Hamar bispedømme sin stolte historiske tradisjon.

Bispedømmerådet sjølve har allereie tatt strategien i bruk. Alle tiltak som gjennomførast i rådet sin regi er, og skal vere, forankra i strategien. Den vil også brukas i samband med opplæring, i møte med lokalkyrkja og med kyrkja sine tilsette.

Bispedømmerådet har difor lagt stor vekt på at strategien for Hamar bispedømmeråd skal speile dei mogleg-

heitene og utfordringane som finst lokalt. Den kan med andre ord bli eit

nyttig reiskap for kyrkjelydane. Det er mange moglegheiter for godt samarbeid og samvirke mellom bispedømmerådet sin strategi og dei mål og satsingar som finst i sokna! Det kan vere fint å spørje seg sjølv «kva inneber dette for oss?» Vårt mål har vore at bispedømmerådet sin strategi skal møte utfordringane vi ser her og nå, men også ruste kyrkja til å møte det som kjem, og som vi enno ikkje har oversikt over.

Med denne strategien ønsker Hamar bispedømmeråd å leie folkekyrkja i Hamar inn i ei ny tid.

Kjersti Drtina Øversveen  
leder, Hamar bispedømmeråd

## Dugnad i Øye

Da vi bestemte dato for dugnaden, var vi ikke sikre på om det ville være snøfritt, men to barnedåper i påfølgende helg var utslagsgivende for valget. Vi var heldige, tidlig vår og masse vind som blåste kirkegården fri for løv.

Været holdt nok noen borte, men arbeidet gikk unna. I fjor hadde dessuten Nils Torstein Hermundstad fjernet de gamle, syke trærne, så det gikk så mye raskere med arbeidet.

Noen hadde dratt hjem da vi hadde kaffe og kjempegod kringle fra Bjørg Grøv i kulturstøga etterpå.

Aud S. Kvale  
leiar i Øye sokneråd





# DRONNINGEMNE

AV RAGNHILD LUND SPELET OM DA DORGE BLE ECC RIKE

## Me treng deg!

Premiere  
30. august 2025

Smått & stort å gjera!

Frivillige ynskjast!

Felleskap & mangfald!



VALDRESSPELET  
valdresspelet.no

Vil du bli med på noko stort  
– og meiningsfullt?

I juni og august 2025 er det full fart i Valdresspelet, og me treng gode folk med oss!

Teknisk laug, praktisk laug og kunstnarisk laug – her er det plass til både dei som vil ta i eit tak, og dei som helst vil ha litt rolegare oppgaver!

- små og store oppgaver
- sjauing og rigging
- vakthald og trivsel
- statistroller på scena
- sminke, kostyme og rekvisittar
- administrasjon og distribusjon
- servering av kaffi og munngodt

– og mykje meir!

Det viktigaste er felleskapet  
– at me lagar noko i lag!

Valdresspelet går føre seg i vakre Gardalen i Vang i Valdres, og me lovar deg både latter, læring, gode folk og minner for livet.

Vil du vera med?  
Send oss ei melding eller kom innom i Gardalen  
– me har ei oppgåve som passar for deg!

**Kontakt:**  
frivillig@valdresspelet.no  
Eller ring Edith på telefon: 99 03 75 32

I KRØSSHAUGENS FOTEFAR: ST. THOMASKYRKJA  
SUNDAG 15. JUNI - 20.00



SILJE RISDAL LIAHAGEN OG SIVERT HOLMEN




I KRØSSHAUGENS FOTEFAR  
ØYE STAVKYRKJE 14. JUNI - 20.00



SIVERT HOLMEN




I KRØSSHAUGENS FOTEFAR  
EIN VANDRETURNÉ

- 13.06 GAMLE KVAM, VANG I VALDRES KL 18.00
- 14.06 ØYE STAVKYRKJE, VANG I VALDRES 20.00
- 15.06 ST. THOMSKYRKJA PÅ FILEFJELL 20.00
- 16.06 MARISTOVA FJELLSTUE 20.00
- 17.06 FJELLY KULTURVERKSTAD 19.00
- 18.06 GALDANE 15.00
- 20.06 LÆRDAL 18.00

## Tårnagentsamling

Søndag 11. mai var det endeleg tid for Tårnagentsamling i Øye igjen!

Ekstra stas i år er at me har nyttilsett trusopplærar – som no heiter kyrkje-lydspedagog.

Anne Mette Thoresen møtte godt førebudd og med nye postar til Tårnagentprogrammet. Ho sette dei mellom anna i gong med å bygge kyrkjer! To lag skulle finne materiale ute og inne og bygge sine eigne bygg. Det vart mange byg-

geleiarar, kyrkjegardar med blomster og andre detaljer ungane plukka opp om kyrkja. Som vanleg hadde me ein ganske spennande tur opp i tårnet for å ringe med klokka. Me hadde pizza som kyrkjekaffi i Kulturstøga før messa og mange kom til den, før me avslutta med messe i Øye kyrkje.

Anne Mette hadde ei god hand om det heile, og stort hjarte for ungane og deira beste. No er ho allereie i gong med planlegginga for 4-åringar, 6-åringar og andre tiltak til hausten, så det er berre å glede seg!

Ingebjørg Vik Laugaland



Anne Mette Thoresen

## Badegruppa

Hver torsdag kl 19.30 mellom høstferie og påskeferie møtes ei gruppe til bøy og tøy i bassenget på VBU med påfølgende badstue. De aller fleste er pensjonister, unntatt instruktøren Nils Arne Thorpe. Torsdagskveldene er helsebringende for kropp og sjel, og mang en skjemtende replikk blir utvekslet. Sesongen avsluttes med en felles middag hvor partnere som ikke bader, også er med. Tyinkryset var badet i strålende vårsol søndag 11. mai da vi takket for årets innsats.

Tekst og foto: Aud Kvale



St. Tomaskyrkja. Foto: Thor Ostbye

## Leikebryllup i Høre stavkyrkje

I Høre Barnehage har Regnbueklubben på avdelingen Askeladden hatt temaet «livssirkelen,» sidan nytt barnehageår. Her har dei, i samlingar med Patty i spissen, vore igjennom fleire ulike temaer frå fødsel til død. Dette har vore alt i frå kroppen, kjensler og sansar, religionar og store livshendingar i livet som for eksempel bryllaup!

Når borna er såpass unge er det sjølv sagt mange som ikkje har vore med på eit bryllaup før. Kvifor gifter folk seg? Kven kan gifte seg? Og kva gjer ein eigentleg i eit bryllaup? Spørsmåla var mange når invitasjonen om bryllaup plutselig kom. Eit av dei store spørsmåla var sjølv sagt: Kven skal gifte seg? For det stod det ingenting om i invitasjonen. Dette skulle nemleg være ei overrasking! Me som jobba i barnehagen, visste at det skulle være Patty og Heidi, men dette sa me ingenting om. Ungane undra seg dagane i forvegen. Var det eit par frå bygda? Var det nokre av dei andre ungene? Eller kanskje vaktmeistaren? Ein av ungene fekk store auge når eg spurte: «Kanskje er det mor og far din?»

Men sjølv om brudeparet var hemmeleg blei bryllaupet planlagt uansett. Me måtte ha forlovarar, ringbærar, blomsterungar og kakebakar for å nemne noko. Ungane fekk ta del i all planlegging og tok stor glede i å få sine ansvarsoppgåver. I bygda er me og heldige og har ein entusiastisk prest som med glede og iver blei med på barnehagens idear og planer om leikebryllaupet.

Men, på den store dagen, mens kyrkjeklokkene ljoma over Hørisbygda, viste det seg at den eine parten av brudeparet låg sjuk. Ein skulle nesten tru at dette var planlagt, for kva er vel eit bryllaup utan litt spenning og dramatik? Men det er det som er fint med hemmelege leikebryllaup, ein kan jo berre finne seg ein anna brud! Er det ein ting ein blir flink til ved å jobbe i ein barnehage, er det å være løysingsorientert og fleksibel! Sjølv sagt var det litt forvirring over at det var bilete av Heidi og Patty på programmet i kyrkja og at det var Tengla og Patty som kom inn kyrkjedørene, men dette gjekk fint. Det såg kanskje

berre ut som at Heidi, som leder i barnehagen, hadde gjett sin velsigning til brudeparet. Det viktigste var at det vart bryllaup!

Men før kyrkjeklokkene i det heile tatt ringte var alle ungene samla i barnehagen. Fleire av borna utanfor Regnbueklubben var også sjølv sagt invitert og alle gjekk me, med finkleda på frå barnehagen til kyrkja. Vel framme i kyrkja, når kyrkjeklokkene begynte å ringe og organisten begynte å spele, steig Patty og Tengla inn dørene med dei to blomsterborna framfor seg. Ungane blei svært overraska og observerte det heile med store auger og forventningsfylte smil. Dei fire forlovarane stod klare fremst i kyrkja og hadde eigne stolar. Det var også to barn som hadde ansvar å dele ut ei lita bok dei andre ungene kunne ha under vigselen.

Under vigselen snakka Ingebjørg om venskap og kjærleik, og saman song me venskapssongen som alle barna kunne i frå før. Ringbæraren kom fram med ringane, og når spørsmålet kom, svaret var ja og brudeparet gav kvarandre ein god klem, gjekk me ut av kyrkja der brudeparet blei møtt av konfetti og gratulasjonar. Blomar fekk dei også av borna.

Med hovudet fulle av inntrykk gjekk me tilbake til barnehagen for sjølve bryllaupsfesten. I kafeterian var det pynta med blomer og ballonger og alle ungene var spesielt klare for kake. Den hadde dei nemleg sett hadde vorte laga, steg for steg. I Høre Barnehage har me nemleg vår eigen konditor: Hanne! Bryllaupskaka stod klar, og sjølv om dette var eit «leikebryllaup», var det ta inga leikekake, for å sei det mildt! Presten Ingebjørg kom også innom på besøk som var veldig hyggeleg. Resten av festen var det musikk, dans og god stemning før bryllaupet tok slutt og me gjekk tilbake til vår vanlege kvardagsrytme og gjekk ut og leika med resten av barnehagen.

Ungane sat igjen med mange inntrykk etter denne dagen. Det blei ein spanande og morosam dag der ungene fekk ta del i dagen med sine ansvarsoppgåver



dei med stoltheit tok på strak arm.

Vidare i temaet livssirkelen skal me også ha dåp i Høre Stavkyrkje saman med Ingebjørg, dette ser vi fram til! Me gleder oss til fleire framtidige sprell i Høre Barnehage

Høre Barnehage v/Oda Rogn Tveit




# Barnas

## Fargelegg!

### Prikk til prikk


Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



### Vits:

Har du høyrte om klovnen som slutta i jobben fordi alle lo av han?

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli

### Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00

### Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!



## Vegar – meir gamalt! Tyin – Tyinholmen – Eidsbugarden

Alfred Hermundstad er fødd i 1935. Han har hatt meste av sitt arbeidsliv etter vegar her i Vang. Alfred fortel at då han omkring århundreskiftet gjekk av med pensjon frå Statens vegvesen, såg dei at det var to karar frå Vang som då hadde vore ansatt i 38 år. Det var Alfred, og den andre var Mads Skeie. Mads var født i 1917 og forlengst pensjonert, men begge to hadde arbeid i brøyte- og anleggsavdelinga som for dette området var administrert frå Fagernes.

Mads hugsa eg sjølv mest frå ein gul to-aksla Volvo tippbil, med snøplog om vinteren. Seinare ein Magirus med 4-hjulsdrift. Om sommaren var det skraping av grusveg med Odin-skrape etter bygdavegane, og lange to-aksla skrapar etter Rv 60. Desse skrapene hang bak på lastebilen. Men utviklinga gjekk ogso i mine unge dagar fort. Trygve Berge vart sjåfør på ei av dei nye, store sjølvgåande skrapene til Statens vegvesen. Dette var svære utstyr, og grøfterensk vart gjort ved å stille skjæret så dei skrapa massa opp i vegen. Så var det ein traktor med lesseapparat som tok det derifrå og opp på lastebilens plan. Det var særleg to-tre karar frå Vestre Slidre eg hugsar: Endre Stee, John Hovi og John Egge. John Egge hadde og brøyting med sin «Gullfisk» Ferguson 35 med plog framme, forbi skulen i Høre fyrste åra eg gjekk der. Desse karane skifta så ut traktoren med hjullastar og gjekk over til større oppgåver. Då fekk anleggsavdelinga seg eigen liten hjullastar, og Ivar Moen, far til Sven Ingar, vart førar på denne. So kom det asfalt på hovedvegen, ca 1968 gjennom Vang, og då var denne form for grøfterensk over. Ein anna slidring, Olav Tvenge, kjøpte seg no ein snerten liten rundtsvingande Shaeff hjulgravar, spesielt med tanke på grøfterensk. Ola P Oldre fortel at han med tippbil og Olav med sin Schaeff, i 17 sesongar arbeidde samen med å renske veggrøft.

Alfred hugsa eg mest i hjullastar med stor to-vifta Øveraasen snøfres, på Filefjell og ved Tyin når veret var ille. Men han fortel sjølv at han har mange timar i ein førkrigsmodell beltedoning med trommelfres. Den var på Filefjell og vart kalla Petter, og han meiner det er den som er restaurert og no er på vegmuseet ved Lillehammer.

Alfred fortel at vintrar og vårar var svært forskjellige; dei la opp arbeidet etter behov og mulegheiter. Eit år fyrst på 60-talet var det mykje stikkrennetining på våren. Dei starta oppe i Øye og tina nedover Hogastrønde ned til Mjøsveg, så kjørde dei isen over til Vennis og tina den sida opp til Øye. Då var arbeidsdagen over. Han fortel og at vinteren 1943 gjekk meste av trafikken på isen frå Hemsing bru og til Øye. Alfred fortel han starta som lastebilsjåfør hjå Knut Ødegård i 1954. Der fekk han vera med og bygge veg frå Tyin inn til Tyinholmen. Då dei kom til Målnes, hadde dei ikkje meir brukandes masse å laga veg av. Det er mykje myr innover desse områda. Bilar og drivstoff vart dermed frakta over Tyin inn til Tvindehaugen. Der var det mange store grushaugar som vart brukte, samt at dei i myrpartia la ut hon frå sagbruka i området som dei så bygde vegen på. Knut Magistad, som sidan vart Opel-forhandlar, hadde den tid lastebil og kjørde hon til dette vegprosjektet, fortel Ola P.



E-1573 var en GMC brøytebil med mannskapsbrakke på planet. Sjåfør var Mads Skeie fra Grindaheim. Bildet er tatt vinteren 1950-51.



Arbeid på vegen mellom Tyin og Tyinholmen. Redskapen som ble brukt var en gammel tysk Steyr beltebil med luftavkjølt motor. Løpebommen var laget ved Vegvesenets eget verksted på Fagernes.

Veg mellom Eidsbugarden og Tyinholmen var bygd tidlegare, og fyrste bilen frå Tyin inn til Eidsbugarden kom på hausten 1954. Siste parsell av vegen, forbi Tvindehaugen og innover, vart bygd omlag i dagens strandsone og måtte fløtast høgare opp i terrenget før Tyin vart regulert opp.

Eit anna artig moment med vegen Tyin–Tyinholmen–Eidsbugarden er vintertrafikken. Turisme har det vøre lenge i dette området, med turisthytta Tvindehaugen som noko av det eldste. Men den var borte før motorisert ferdsl i vinterfjellet kom. I dag er det Fondsbu, med Solbjørg Kvalshaugen som drivar, samt hyttefolket som held Eidsbugarden-navnet aktivt. Men for 40-50 år sidan var det kvar veke nye turistar inn og ut av området. JVB kjørde kvar laurdag fleire bussar med turistar frå Gøteborg til Tyin, med omlasting til beltebilar innover i fjellet. Tyin hotell var fullpakka, men og venteplassar enten det var beltebil eller buss ein venta på.



Fra Tynholmen med beltebil

Tynholmen, Eidsbugarden og Den Glade Vandrer, som er dagens Fondsbu, alle var fullpakka og stadig nye hytter skaut opp i området.

Vinterstid var det altså beltebilar det heile dreia seg om, og slik er det fortsatt. Når kom så desse bilane i drift? Før krigen var det forskjellige forsøk. I 90-års jubileumsboka til JVB kan vi lesa at Tynholmen alt i 1933 kjøpte ein brukt Citroën beltebil, som tidlegare hadde gått i Sahara. Det var sikkert ingen god handel, men den fekk seinare eit liv ombygd til traktor på garden Kasa. Det vart forsøk med fleire typer beltebilar og med flysledar, som er ein skislede med motor og propell til framdrift. Krigen stoppa naturleg nok framdrifta her og.

Så i 1946 kom JVB med ynskje om å overta utstyr samt investere og starte beltebilrute til Eidsbugarden og til Bygdin. Dei kom muligens i gang den vinteren, og til sesongen 1948 vart det kjøpt tre brukte Bombardier snowmobiler. Slike som vi fortsatt høyrer, ser og kan sita på med.

I tillegg til buss og beltebil har JVB i sommarsesongen båtrute med båten Bitihorn mellom Bygdin Hotell og Eidsbugarden. Dette kan du lesa om i boka Innsjøbåtar i Valdres.

Tekst: Ivar Hemsing

Foto: digitaltmuseum.no, Fra milestøtter til tripteller og AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap 50 år jubileumshefte



Den første flysleden



Beltebil ved bensinpumpa på Tyn

Lastebil med plog og Kègresse belter på Filefjell februar 1936.



I en artikkel fra Fylkesarkivet «I storm og føyk på Filefjellet» står følgende: «Det første forsøket med å halda Filefjellsvegen vinteropen var i 1936, men det tok fleire år for dei fekk høvelig utstyr. Før krigen var det difor berre nokre spreidde forsøk på å halda vegen open. For det meste måtte vegvesenet gi tapt for naturkreftene og stengja vegen.

(...)

Stor var vegsjef Knudsen si overrasking då han gjennom radio fekk greie på at Filefjell skulle halda open for biltrafikk i 1935. Vegdirektøren avkrefta at så var tilfelle. Det satte likevel fart i forsøket på å skaffa brøyteutstyr. Norsk Citroën kunne då tilby beltechassis type P.107 til 19 000 kroner. Ingen i Noreg kjente til bilen, som ikkje tidligare var selt til utlandet. Den franske fabrikk hevda at bilen var godt eigna til snøbrøyting og veghøving. Beltesystemet skulle vera særleg robust.»

## Velkommen, Gudbrand!

Denne våren starta Gudbrand Silvet Heiene opp som kultur-  
skulerektor i Vang – førebels i eit vikariat, men med håp om  
å vere her i mange år.

Gudbrand er oppvaksen på ein gard i Hedalen, og var my-  
kje med i praktisk arbeid der. Difor gjekk han på Maskin og  
mek. på vidaregåande, før han fortsette studiar innan idrett,  
musikk, teater, friluftsliv, religion, pedagogikk og IT. No bur  
han i Slidre saman med Aive og tre flotte ungar.

Oppgåvene er ikkje ukjend for Gudbrand, som har jobba i  
kulturskulen i dei fire nordlegaste kommunane i Valdres. Og  
ikkje berre det – han har og hatt forskjellige roller i mange  
folkehøgskular i landet, så han burde vere godt kvalifisert  
og har mange gode idear. Dei siste åra har han vore kultur-  
skulerektor i Vestre Slidre, og no blir han altså i både Slidre  
og Vang.

Gudbrand såg tidleg framtida for teknologien innan pro-  
grammering, modellering og produktdesign, og var den som  
tok ideen med å opprette Skaperkraft Valdres, med lokale  
m.a. på Joker i Ryfoss.

Interessa for musikk har vi sett i mange år, heilt frå han di-  
rigerte Ten-sing på Fagernes i ungdommen, og til dei siste  
åra i vokalensemblat KURVE. Dette koret starta han i 2007



som ein del av kulturskulen i Slidre, og koret har vore hjar-  
tebarnet hans. Eg har vore heldig og fått vere med på moroa  
i KURVE i mange år, og mange har hatt glede av konsertane,  
som vi også har hatt fleire av i Vang. No overlèt han koret til  
nye krefter, og ser fram til å få vere publikum på konsertane  
til koret framover.

Gudbrand er ein energisk kar og har alltid hatt mange ballar  
i luften. Ideane er mange og han vil nok utvikle kulturskulen  
i Vang med nye ting, og forsterke dei tilboda som er i dag.

Guro Hovda



### Nytilsette frå januar 2025

#### Elvira Rud

lærarvikar ved Vang kulturskule

#### Sigve Kristiansen

oppmålingsingeniør ved  
Landbruk og teknisk

#### Eilin Kvaal

nattevakt ved Tilrettelagte tenester

#### Siren Remmen

sommarvikar Helse og omsorg

#### Ida Nordland Hillestad

utdanningsstilling sjukepleiar

#### Andrine Håstul Flom

sommarvikar Helse og omsorg

#### Anne Forfang Bjørnstad

sommarvikar Helse og omsorg

#### Siren Remmen

lærling helsefagarbeidar

#### Agnete Sørensen Berge

lærling helsefagarbeidar

#### Renate Berg

nattevakt ved Tilrettelagte tenester

#### Inger Strand

lærer ved VBU

#### Ingrid Stuen

lærer ved VBU

#### Anne Marit Voll Eltun

lærer ved VBU

#### Rune Kleiven Rynning

lærer ved VBU

#### Ylva Remmen

helgestilling ved Vangsheimen

#### Milena Todorovic

helsefagarbeidar ved Vangsheimen

#### Anzela Kislaja

utdanningsstilling helsefagarbeidar

#### Kine Kvannefoss

utdanningsstilling helsefagarbeidar

#### Linnea Haugland Tørstad

utdanningsstilling helsefagarbeidar

#### Endre Victor Lunde

kommunaltekniker ved  
Landbruk og teknisk

#### Anita Dokken

helsefagarbeidar ved korttid  
og heimeteneste

#### Oksana Borodina

reinholdar ved Reinhold og vaskeri

#### Sommarvikarar landbruk og teknisk:

John Rogn

Halvor Svien

Audun Heggom

Victor Jevne Havro

Vebjørn Høyme Havro

Ingrid Haugen Sørensen

Lene Berge

#### Stiryddarar:

Tobias Lokreim-Poulsen

Even Neshagen

Kristofer Veri

Åsmund Frøyen

Sigurd Bertnes Råheim

Audun Garvik

Anja Heggom

ÅRSMELDING VANG MENIGHETSBLAD

Redaksjonen i Menighetsbladet har bestått av sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, dagleg leiar ved kyrkjekontoret Silje Hammerstad, Ivar Hemsing og Sidsel Offergaard Jevne (redaktør).

Redaksjonen har hatt fire møte og handsama 12 saker. Hovudoppgåva har vore planlegging av dei fire utgåvene. Redaksjonen har vore oppteken av at menighetsbladet framleis skal bli oppfatta som relevant for lesarane. Bladet sitt viktigaste fokus er sjølvstøtt det kyrkjelege stoffet, og aktiviteten i kyrkjene og i sokna får difor brei omtale. Men redaksjonen ynskjer også at bladet skal vere eit noko breiare magasin for Vangssamfunnet, der både historisk og tidsaktuelt stoff kan få plass. Det er difor framleis svært ynskjeleg å få inn stoff frå lesarane.

Redaksjonen følger framleis nøye med på økonomien. Driftsutgiftene er stort sett uendra. Det er noko lågare inntekt frå abonnentar, men større inntekt frå gaver, frå Onsdagskafeen og frå Ola Grøvs gravferd, i tillegg til mange enkeltabonnentar som betalar meir enn minstebeløpet. Stor takk til dykk! Dessutan er ein sponsorinntekt frå 2023 ført i rekneskapen for 2024. Redaksjonen har i 2024 vedteke auke i abonnementsbeløpet frå 2025 til kr 250 pr. år, etter mange år utan auke.

Det har ikkje vore søknader frå sokneråda eller andre om tilskott i 2024.

Redaksjonen vil takke Sigrid Nystuen, Oddvin Almenning og Sven Ingar Moen for fine forsidebilete. Takk også til alle

Regnskap for 2024		
	Sum utgifter	Sum inntekter
Trykking og layout	78166,20	
Materiell og driftsmidler	1400,00	
Porto og utkjøring	3212,00	
Gebyrer	217,16	
Mva som gir rett til kompensasjon	16712,80	
Mva kompensasjon		16712,80
Abonnement og gaver		66390,00
Sponsing		13500,00
Annonser		8000,00
Innstikk i bladet		4500,00
	99708,16	109102,80
		-99708,16
Overskudd		9394,64

Saldo ved nyttår: kr 161.782,25

Ei gave fra Onsdagskafeen på kr 16 000.- er ved ein mistyding ikkje ført her, men i Kyrkjeleg fellesråds rekneskap. Denne vil derfor visast i rekneskapen for 2025.

andre som på ulike vis har ytt bidrag til bladet, og til alle som har hjulpet til med distribusjon. Takk til ingridesign for godt samarbeid og profesjonell layout, og til trykkeriet Printfarm for fint teknisk produkt.

Sidsel O. Jevne, redaktør



Kyrkjestølen. Foto: Thor Østbye

# Sommerhelsing

## frå biblioteket og frivilligsentralen

### Ein travel vår går mot sommar!

Opningstidene våre i sommar er som følger:

- Frivilligsentralen held stengt heile juli.
- Biblioteket held steng laurdagar i skuleferien (21. juni – 17. august) og justerer dei øvrige dagane litt i same periode slik at det blir ope måndag og tysdag 14-19, onsdag og fredag 11-16.
- BUA har normal opningstid heile sommaren: innlevering tysdagar 15-16 og utlån torsdagar 15-16. Kom og prøv svevetelt, badstutelt, packrafts eller ha-geleikar!

### Sterk og stødig



Vi er inni ein god trimbølge i Vang, der mange over 65 år ser nytta av trimkonseptet Sterk og stødig! Det trengst fleire instruktørar, og vi håpar å få med oss ein ny gjeng med frivillige til hausten som vil ta kurset. Kan du tenkje deg å bli instruktør? Ta kontakt med frivilligsentralen! Pr. no er det tre stk som vil vere med.

### Møteplassen



Det vart god stemning, gode minner og ein god del allsang også, då vi hadde musikk-bingo med hits frå 60-talet på Møteplassen i mai. Bingoverten (Marte)



Scan koda  
for nyheits-  
brev!

oppmoda til dansing på borda, men det kom visst ikkje på tale utan vin-servering ... Moro var det uansett! Forutan nydeleg mat fekk vi også høyre frå leiar i eldrerådet, Berit Nefstad, kva dei har spelt inn til kommuneplanens samfunnsdel. Rådgivar helse og omsorg, Joanke Tito, fortalte om folketrakk i Vang sentrum.

### Digi-kafe

Digi-vertane avslutta sesongen 19. mai på Saras mat. No blir det ferie, og vi legg planar for hausten. Har du tankar om korleis vi skal møte publikum, ta gjerne kontakt. Vi har fått forespørsel om hjelp med bilder på telefon, legge i album mm. Har du andre idéar, kom med dei.

### Nærturar

Det vart tidleg vår i år, og i samarbeid med folkehelsekoordinator og Ung i Vang tok vi med oss ungdomsklubben til frisbeegolfbanen i Ryfoss sist i april. Vi fekk med tre frivillige, Are, Martin og Tron, for å fylgje grupper rundt i banen. Dessverre kolliderte dette med fleire andre arrangement, så det heilt store oppmøte var det ikkje, men dei 6 ungdommane og 3 frivillige som var med hadde det fint! Vi avrunda med grilling på Utsikten.

Elles er to nærturar planlagt før sommaren. Rødalen i mai, med Bjørg Lerhol og Vidar Eltun som guidar. Og i slutten av juni skal botaniker Tanaquil Enzenberger ta oss med på vandring på Vennis. Til hausten er ein tur etter Kongevegen Høre-Åsvang tenkt, fordi nokon rett og slett spurde etter det. Har DU ein tur du ynskjer gå eller vise oss – sei ifrå!

### Generasjonstreff

Det siste i serien av tre generasjonstreff med babysang denne etterjulsvinteren var 22. mai. Dette er eit triveleg treffpunkt som gleder både ungane, foreldra, bebuarane på Vangsheimen og andre som kjem innom. Anne Lajord Belsheim inkluderer alle i sangen og skapar ei god og lun atmosfære for dei framtmøtte.

### Kviss



I vinter har vi hatt fire kveldar med kviss, og dette kjem vi til å halde fram med utover hausten. Spørsmåla handlar om alt mellom himmel og jord. Nokre deltakarar kjem med lag, medan andre kjem åleine og finn seg eit lag når dei kjem. Her er alle velkomne og vi sørger for enkel servering. Det er to runder med kviss på 17-18 spørsmål i kvar runde med ei lita pause mellom. Vinnarlaget får heder og ære og ein pose twist.

### Politikarpraten

Denne sesongen har politikarane møtt folk litt rundt omkring – på Joker Ryfoss, Vang Autoservice, og biblioteket. På politikarpraten kan du prate med politikarane om akkurat det du ønskjer, og har du innspel til sakar som skal behandlast i kommunestyret, så er tidspunktet tima og tilrettelagt for akkurat det.

### Sjakk



Det starta med at vi kobla saman tre

ukjente sjakkentusiastar, og plutseleg var det 12 spelarar samla på sjakktreff! Vi fann fram det vi hadde av brett og brikkar, og her vart det spelt både sjakk og dam, i ulike konstellasjonar. På det tredje treffet vart det også dratt fram andre spel som skapte mykje latter. Spel er ein superfin måte å møtast på, også på tvers av språk. Nye sjakktreff blir annonsert på vang.foreningsportal.no – alle interesserte er velkomne!

### Vesle-Vinje



Årets barnefestival i regi av Vinjerock, Vang mottakssenter + oss på biblioteket og frivilligsentralen, vart ein real festdag for både store og små! Nydeleg musikk frå Bare Folk og Ingeborg og Margit Onstad, morosame klownestre-



ker, barnedisco, høgtlesing, sjakkspel, masse aktivitetar frå BUA, og trikkekonkurranse frå FK Vang var noko av det som heldt ungane i aktivitet gjennom heile dagen. Ei tautrekkingskonkurranse engasjerte stort, og Mariannes familieviss heldt entusiasmen oppe til siste slutt. Ingebjørg Børhus og Ragnhild Lund frå Valdrespelet leia oss gjennom programmet som staute vikingar, og på marknadsplassen var det mykje godt å få kjøpt frå både Bakeriet i Valdres, Sjøkoladenoter og fleire. Denne dagen lever vi lenge på!

### Nye på biblioteket

I sommar møter du Samuel på biblioteket. Han er triveleg slidring på 18 år som akkurat er ferdig med vidaregåande. Han skal vere hjå oss heile juli og eit par veker i august.

### Sommarles



I juni, juli og august er det lesekampanje for skulestartarar og elevar på småsteg og mellomsteg. Dei kan lese bøker sjølv, bli lest for eller høyre på lydbøker. Det dei les registrerer dei på sommarles.no, og når dei når ulike lese mål (level) kan dei kome på biblioteket og hente seg ein premie. Når ungane kjem innom likar vi å prate litt med dei og høyre kva dei likte å lese, og gjerne også om det var noko som ikkje fall i smak, for det går jo an. Kva med deg, kva skal du lese i sommar?

**Helsing Marte og Marianne**





6.-13. JULI 2025

## JØRN HILME-STEMNET

På [www.hilme.no](http://www.hilme.no) finn du alt du ynskjer veta om program, billetter med meir.

E synist mø her må seia lite um det so føregår innafør Vang kommunes grenso: Konserten «Tostemt» med Marit Karlberg og Øyonn Groven Myhren, på Bygdin Høifieldshotel 6. juli kl 19.00 Med finurlege arrangement, rytmisk snert, humor og varme vil Marit Karlberg og Øyonn Groven Myhren servere oss ein variert konsert med det smale konseptet tostemt slåttetralling, supplert med lyarlåttar og danseviser akkompagnert med lyre og langeleik.

Øyonn Groven Myhren og Marit Karlberg var sentrale i vokalkvartetten Dvergmål, som gav ut platene «Visor og kvæde frå Blåberglandet» (Grappa, 1996) og «Song i Himmelsalar» (Heilo/Grappa, 2004). Den fyrste vart Spellemannspris-nominert.

No, over 25 år seinare, har dei to teke opp att tråden og fordjupa seg i slåttetralling og hardingfeleslåttar frå Tele

## Jørn Hilme-stemnet 2025



mark og Valdres, som dei har overført til vokal duoformat. Dei har også funne fram eit knippe danseviser som dei syng, med lyre- og langeleikspel til.

Øyonn Groven Myhren og Marit Karlberg er av våre fremste kvedarar med ei lang rekkje soloplater, prisar og kappleikssigrar i bagasjen. Øyonn er nok mest kjend for samarbeidet med Odd Nordstoga om tingingsverket «Nivelkinn», og Marit kjenner mange som

eine halvparten av duoen Sudan Dudan.

Vi ynskjer velkomne til majestetiske Bygdin Høifieldshotel og nydeleg konsert med «Tostemt»! Det er naturlegvis ogso anledning til å nyte eit godt måltid, når ein no fyrst er på denne gamle forneme turiststaden, so heldigvis enno æ i drift.

Tekst: Ingvild Lie ... o lite tillegg frå me

– Ivar Hemsing

Foto: Knut Utler

## Hjelp oss i jakten på postkassene!

De som kjører ut menighetsbladet støtter rett som det er på et problem: Er denne postkassa i bruk egentlig? Den henger litt rart til, halvveis på baksida av postkassestativet. Navnet som en gang har stått på den, er ikke helt leselig lenger. Noe post ligger det kanskje i den, men posten ser kanskje heller ikke dagfersk ut?

Deres egen postkasse er selvfølgelig riktig plassert, lett synlig og tilgjengelig og med leselig skrift.



Foto: Quevaal. Quevaal HeyHeyDecay.net

Men hvis dere vet om en slik tilsynelatende forlatt kasse i nærheten: Vil dere sørge for å få den også synlig og lett tilgjengelig og at navnet er leselig? Og hvis postkassa faktisk er forlatt, kan

dere kanskje fjerne hele kassa? Da ville distributørene av menighetsbladet bli glade da!

Redaksjonen



## Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	NTH	90 05 98 50
Alle gode ting er tre	48 09 59 48	Pelssau	99 71 43 18
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	TK-Bygg AS	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Tyinlam	99 46 61 15
Grindaheim Bygg &		Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Bygg	99 69 06 30	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Montér Kvismo	61 36 81 85		

## Kondolanskort

Kondolanskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye Sokneråd

## Kondolanskort

Kondolanskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre sokneråd



*Slekters  
gang*

### Øye sokn:

#### Døpt:

17.04: Sigurd Fossholt Grøvslien  
Hovda

04.05: Lars Arne Hauge Øye

04.05: Henrik Strand Eltun

### Heensåsen sokn:

#### Død:

28.04: Mai Lisbeth Kongslie

### Vang sokn:

#### Død:

06.01: Guro Grøv

14.04: Bodhild Neshagen

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:  
Sokneråda i Vang

Redaksjon:  
Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:  
Sidsel Offergaard Jevne  
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:  
Kyrkjeleg fellesråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 250,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



### Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

#### Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post:  
torgeirforsminne@yahoo.no

**FRIST**  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
**19. SEPTEMBER**

# Gudstenesteliste

**Mandag 23. juni – Jonsokaftan**

**Øye stavkyrkje kl. 18.00**

Gudsteneste med dåp v/sokneprest  
Laugaland og Høre mannskor

**Sundag 29. juni – 3. s. i treeiningstida**

**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland. Kyrkjekaffi

**Sundag 6. juli – 4. s. i treeiningstida**

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**

Felles gudsteneste for Lærdal, Årdal  
og Vang v/sokneprestane Lie Lysne og  
Laugaland

**Sundag 13. juli – 5. s. i treeiningstida**

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00 – 18.00**

Open kyrkje v/sokneprest Laugaland

**Sundag 20. juli – 6. s. i treeiningstida**

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00 – 18.00**

Open kyrkje

**Sundag 27. juli – 7. s. i treeiningstida**

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00 – 18.00**

Open kyrkje

**Sundag 27. juli – 7. s. i treeiningstida**

**Helinosen kl. 12.00**

Stølsmesse med dåp v/sokneprest  
Laugaland

**Sundag 3. august – 8. s. i treeiningstida**

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

**Sundag 10. august – 9. s. i treeiningstida**

**Sonstølen i Raudalsvegen 350 kl. 12.00**

Stølsmesse v/vikarprest

**Sundag 17. aug. – 10. s. i treeiningstida**

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00 – 18.00**

Open kyrkje

**Sundag 24. aug. – 11. s. i treeiningstida**

**Heensåsen sokn, kl. 12.00**

Stølsmesse v/Solveig Heimlid  
Sted for stølsmessen blir opplyst i avisa  
Valdres og Facebook, følg med.

**Sundag 7. sept.– 13. s. i treeiningstida**

**Vang kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland

**Sundag 14. sept. – 14. s. i treeiningstida**

**Høre stavkyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste m/nattverd og konfirmant-  
presentasjon v/sokneprest Laugaland

**Onsdag 17. september**

**Vang kyrkje kl. 10.30**

Musikkandakt v/sokneprest Laugaland

**Onsdag 17. september**

**Vangsheimen kl. 13.00**

Institusjonsandakt v/sokneprest  
Laugaland

**Sundag 21. sept. – 15. s. i treeiningstida**

**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med nattverd og trusopp-  
læringstiltak for 4-åringar v/sokneprest  
Laugaland. 4-åringane frå alle sokna våre  
er spesielt invitert.  
Kyrkjekaffi etter gudstenesta

**Sundag 5. okt. – 17. s. i treeiningstida**

**Vang kyrkje kl. 19.00**

Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland

**Onsdag 15. oktober**

**Vang kyrkje kl. 10.30**

Musikkandakt v/sokneprest Laugaland

**Onsdag 15. oktober**

**Vangsheimen kl. 13.00**

Institusjonsandakt v/sokneprest Lauga-  
land

**Sundag 19. okt.– 19. s. i treeiningstida**

**Høre stavkyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med nattverd og trusopp-  
læringstiltak for 6-åringar v/sokneprest  
Laugaland. 6-åringane frå alle sokna våre  
er spesielt invitert.

**Sundag 26. oktober – Bots- og bededag**

**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
Laugaland. Kyrkjekaffi etter gudstenesta

*Med atterhald om moglege endringar*

FRAMSIDA:

Årets konfirmantar: *Bak f.v: Thias Tørstad, Birk Skeie, Gleb Diadiurenko, Peter Johan Haaverstad, Isak Johannes Havro, Emrik Anakin Martinsen*  
Midten f.v: *Amanda Kjørstad Bøe, sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, sokneprest Janne Sukka, Nova Mathea Nilsen Kallhovd*  
Foran f.v: *Ylva Solemsli, Hedda Skeie, Karoline Bjone Veflen, Elise Vendil Guldvik-Belsheim, Frøya Hippe Lunde*



- har sponset utgivelsen av denne utgaven av  
**VANG MENIGHETSBLAD**